

*UWC Røde Kors Nordisk er ein internatskule for 200 elevar i alderen 16-19 år, frå meir enn 80 ulike land. Elevane gjennomfører eit to-årig studieprogram - International Baccalaureate (IB) Diploma. Skulen starta opp i 1995, er mellom anna finansiert av offentlege midlar frå dei nordiske landa og ligg idyllisk plassert ved Flekkefjorden i Fjaler kommune på Vestlandet. Skulen har om lag 65 tilsette og har to datterselskap, UWC Connect AS og Verdsgrenda Eigedom AS. UWC Connect har ansvar for andre aktivitetar som mellom anna leirskule, sommarleirar og som vertskap for ulike grupper som kjem for å oppleve det unike miljøet på skulen. Verdsgrenda Eigedom AS eig og forvaltar bygg på eigedomen.*

## **HELGESTILLINGAR SOM KJØKKENASSISTENT - 21,12 % og 14,08 % fast stilling**

**Vi har ledige helgestillingar som kjøkkenassistent ved UWC RCN frå starten av januar 2025.**

Stillingane inneber arbeidsøktar annankvar eller tredjekvar laurdag og sundag, og passar for deg som er fleksibel, som likar å jobbe i lag med andre og som er oppteken av å yte service.

Arbeidsoppgåvene på kjøkkenet inneber hovudsakleg å hjelpe kokkane våre med å førebu produksjon av mat, samt servere og vaske og rydde opp i samband med dei faste måltida ved skulen.

Stillingane kan også høve for unge kandidatar over 16 år, og kandidatar med hol i CV-en, som har lite eller inga utdanning eller som har lite eller inga arbeidserfaring.

### **Kvalifikasjonar:**

- Du må kunne arbeide sjølvstendig og ha gode samarbeidsevner
- Du må kunne kommunisere munnleg på norsk og engelsk, men dagleg arbeidsspråk er norsk.

### **Vi kan tilby:**

- Løn etter KS tariff
- Tilgang til Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter sine basseng og treningsrom
- Tilgang til ulike utandørsaktivitetar, organisert gjennom skulen

Dersom dette er arbeidsoppgåver og ei stilling som kan passe for deg, ber vi om at du sender ein enkel søknad og CV til [appointments@uwrcrn.no](mailto:appointments@uwrcrn.no).

Dersom du har spørsmål til stillinga kan du kontakte Operational Service Manager **Ainor Naustdal** på tlf.: **917 09 715** eller på e-post: [ainor.naustdal@uwrcrn.no](mailto:ainor.naustdal@uwrcrn.no).

**Søknadsfrist er 04.12.2024, med tilsetjing frå 01.01.2025.**

Ein må legge fram politiattest som ikkje er eldre enn tre månadar før ein kan ta til i stillinga.